



Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HU) 15.10.2025 Digitalt

Tilstades

Kvam herad	Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland
Kvam herad	Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter-leiar i HU
Ulvik herad	Ungdomsrådsleiar Emma Saathoff
Ulvik herad	Ungdomsrådsnestleiar Hedda Halstengård
Eidfjord kommune	Ungdomsrådsnestleiar Eivind Bu
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsmedlem Harald Solheim Eide
Ullensvang kommune	Ungdomsrådsmedlem Rannveig Oms Løyning
Voss herad	Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli-nestleiar

Ikkje tilstades

Eidfjord kommune	Ungdomsrådsleiar
Voss herad	Ungdomsrådsnestleiar

Kontaktpersonar

Ullensvang kommune	Linn Østerbø
Voss herad	Eivind Lorentsen Djønne-digitalt
Hardangerrådet iks	Trude Lægreid Rinaldo

SAKLISTE:

HU-sak 19/25 Orienteringssaker

1. Den store ungdomskonferansen i Øystese

Eidfjord var med på konferansen i Øystese, og ein sakna dei andre ungdomsråda i regionen. Det var ein veldig kjekk konferanse, der dei fekk mange nye erfaringar og vart kjent med mange nye folk, og delteke på mange spennande seminar. Kristiansand er årets ungdomskommune i 2025. Kvam ungdomsråd oppfordrar alle ungdomsråda å reise til Kristiansand om 2 år, for å delta var veldig kjekt.

2. Hardangerkonferansen 2025

Info om konferansen

3. Fråværsaka

Kvam har ikkje fått tilbakemeldingar frå dei andre ungdomsråda i Hardanger og Voss, og ber råda koma med ei skriftleg tilbakemelding med eit godkjent vedtak som kan leggjast inn i dokumentet.

4. Breturen på Folgefonna

Ungdomsråda i kommunane rundt Folgefonna og representantar frå Hardanger og Voss ungdomsråd var invitert til bretur.

Dei som var med opplevde ein interessant bretur og fekk masse informasjon om Folgefonna.

5. Nytt om ungdommens fylkesting

Ungdommens fylkesting er neste gong våren 2026. Dei som deltok i 2025 anbefalar alle ungdomsråda å ta i mot invitasjon når den kjem, og melde seg på.

Rådet vart også oppmoda om å stille til val i ungdommens fylkesting, viktig at vår region også er representert.

HU-sak 20/25 Nytt frå kvart ungdomsråd

Kvam

Lite nytt. Veldig fornøgde med at så mange kom, men sakna dei andre lokale ungdomsråda. Har jobba med skulesak

Ullensvang

Ikkje så mykje nytt - lyste ut at dei hadde 150 000 til utdeling for ungdom og organisasjonar. Har delt ut 100 000 - lurar på dei skal organisera eit føredrag - ber om forslag. Dei har sett ned ei gruppe som arbeider med forbetring av busstilbod, har sendt brev til Skyss, men ikkje fått tilbakemelding på det.

Eidfjord

Lite å koma med - skal ha møte neste veke.

Ulvik

Har ikkje hatt møte.

Voss

Hadde møte denne mandagen. Ikkje så mange saker. Fritisklubb. Det har vore ein del orienteringar og mykje fokus på økonomi og prioriteringar.

HU-sak 21/25 Opplæringskonferanse 2026

I 2026 vert det igne Hardanger og Voss ungdomsting.

Voss og Eidfjord er aktuelle som stader å arrangera. Ber om at det vert sendt inn forslag til kvar me kan gjennomføra

2 tema:

- **Beredskap**
- **Kommune økonomi og utfordringar: økonomiplan, prioritering**

Oppfordrer alle til diskutera i sine råd kva dei ønskjer å ha av tema på ungdomstinget 2026. Ber alle også føreslå føredragshaldarar, politikar og kommuneadministrasjonar dei ønskjer.

Ber dei sende informasjon snarast til sekretæren.

HU-sak 22/25**Møteplan 2026**

Vedtak: Møteplan 2026 godkjent med endringer gjort i møte.

Møteplan Hardanger og Voss ungdomsråd 2026 Våren

Hardanger og Voss Ungdomsråd 2026	Januar Tirsdag 27. Kvam Konstituering	Mars Tirsdag 3. mars. Granvin	Mars Mandag 23. mars Hardanger og Voss ungdomsting	April Onsdag 15. Ulvik	M A I	Juni	J U L A U G S T S E P	Oktober	November	Desember
---	---	--	---	--	----------------------	------	--	---------	----------	----------

HU-sak 23/25**Saker som kjem til/Eventuelt**

Kinsarvik, 15.10.2025

Alexander Nitter
Leiar Hardanger og Voss ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo, Leiar
Sekretær